



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 26.11.2021

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2021 – ILDRIDTRØA – BN00079410

Dykkar ref. 2021/286.

Slått

Hovudslåtten tok til 4.8. og blei avslutta 16.8. Då var det slått 4 lass som likna tørrhøy og 2 lass som ikkje blei det. Per 16.8. sto det igjen kantslått mot vegen og ein mindre bit mot aust. Dette er ganske blomsterrike område. Kanten mot sør er framleis også rufsete.

Slåmaskina blei stilt på høgaste klippehøgde for å redusere avlinga som skulle køyrast bort, sidan det såg ut til å bli knapt om middel for skjøtselen. Kantane blei utsett til ein såg om timane rakk til elles. Samtidig er dette dei areala som er mest populære hos insekta, slik at det i alle fall er ein fordel for insektsfaunaen at noko blei ståande igjen.

Det blei i alt 6 tilhengarlass med gras/høy i år, levert som hestefôr.

Hogst

Det er ikkje hogd noko i år.

Rydding av kant

Det er lite kant som er rydda i år. Arbeidet som står att utgjør ca. 3 timar arbeid. Sidan ein totalt sett har brukt opp alle timane, blei ikkje kanten slått, noko som var varsla som ein moglegheit til Statsforvaltaren i juni.

Restaureringsarbeid

Området mot vest som har vore under restaurering er gjeve opp, etter at det kom eit lager av rundball som har avrenning til området. Det er i år berre slått ei stripe for å bli kvitt noko bregnar frå slåttemarka.

Arbeidsinnsats

Det er brukt 15,5 timar på slått i 2021. Mesteparten er gjort med tohjulsslåmaskin. Det er køyrt 132 km.

Artsregistreringar

Det er gjennom sommaren gjort registrering av insekt. Prosjektet var omsøkt, men blei ikkje tildelt middel. Naturvernforbundet har dekt prosjektet av eiga lomme. Resultata er rapportert til Sabima i samband med eit liknande prosjekt som har fått middel hos dei.

Den 16.8. blei det gjort eit funn av fiolett greinkøllesopp. Arten er kjent frå Liaslettet frå før, men ingen av dei andre lokalitetane som Naturvernforbundet driv skjøtsel av. Miljøfaglig Utredning la si soppstilling for tilsette til lokaliteten 9.9.2021. Det blei gjort fleire funn av beitemarksopp. Kunnskapen om artane på lokaliteten vil auke ganske mykje etter dette året.

Det er lagt inn nokre artsregistreringar på www.artsobservasjoner.no dette året også.

Økonomi

Som følge av redusert løyving la ein opp til noko redusert aktivitet. Naturvernforbundet har eit lite meirforbruk samla for lokalitetane som blir skjøtta.

Anna

Det har vore kontakt med naboar og tilfeldige forbipasserande som har fått informasjon om skjøtselen også dette året.

Framtidige behov

I sørvesthjørnet er det etter kvart ein del skugge av skog, særleg på sørsida. Der bør det tynnast noko i fleire år framover.

Manglande økonomi/timar til gjennomføring av slått vil i løpet av få år føre til attgroing langs kantane, i tillegg til nemnte skuggeverknad.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Frå vest mot aust etter at 4 lass var slått. 10.8.2021 Øystein Folden.



Figur 2. Foto 6.8.2021. Det var ein periode det blei tørrhøy same korleis vi gjorde det.



Figur 3. Foto 4.8.2021, Øystein Folden. Vestenden av lokaliteten. Fiolett greinkøllesopp blei litt seinare funne mellom bregna i slåttekanten og trea bak. Det er trekrullen til venstre som det er mest om å gjere å begynne tynninga av.